

Informasjonsskriv til tilsette – 8. mai 2020



Volda
kommune

Kjære medarbeidar i Volda kommune,

I dag er det 8. mai. Ein milepæl i norsk historie. Denne dagen for 75 år sidan kunne folk juble over fridom etter fem år med krig. Dette ga håp og framtidstru. Vi må aldri gløyme fredsdagen. Den må stå fast som ei påminning om kor viktig det er å kunne leve i fred, samt som heidring av dei som ofra så mykje for landet vårt. Sjølv om koronasituasjonen gjer at vi ikkje kan markere 75-årsjubileet på vanleg måte, så må kvar og ein gjere si eiga markering ved å tenkje over kva dette betyr.

Pandemien med viruset Covid 19 ramma oss så hardt at det vert sett på som den største krisa etter andre verdskrig. I går informerte regjeringa om lette i tiltaka for å opne samfunnet gradvis opp att. Vi lever framleis i spenning. Utviklinga den siste tida gir oss også håp og framtidstru. Det er håp om at vi etter kvart kan «ta igjen kvardagen», som vår statsminister ofte har sagt den siste tida. Ein viktig føresetnad er at vi ikkje gløymer å ta smittevernråda på alvor. Vi må vaske hendene ofte, halde avstand og vere heime om vi vert sjuke.

Dei kommunale tenestene tek no etter kvart opp att aktiviteten. Barnehagane, 1. – 4. klasseteg i skulen og SFO har vore i drift, og frå komande veke opnar også resten av skulane. Myndigheitene oppmodar barnevernet til å oppretthalde mest mogleg normal aktivitet av omsyn til dei sårbare barna i samfunnet. Kulturskulen startar opp att med undervisning ein til ein frå 18. mai. Læringscenteret opnar opp komande veke. Bibliotek og kino vil verte opna opp. Tenester som har vore stengde i helse og omsorg har også kome i gang med aktivitet. Alt dette må organiserast med gode rutiner for smittevern. Dette krev noko av alle, både de tilsette og dei som er brukarar av tenestene. Det vert ekstra stor belastning på reinhaldarane. Alle må vere budde på å ta eit tak for å vaske kontaktflater mellom hovudreinholdet. Det vert lagt vinn på klare retningsliner og god informasjon. Heimekontor vert praktisert inntil vidare om det ikkje er gjort anna avtale med næraste leiar, samt at ein greier å halde oppe produksjonen frå heime. Det vert gjennomført ei undersøking av ordninga med heimekontor for å skaffe oss erfaring med korleis dette virkar. Rådhuset vert inntil vidare også halde stengt. Vi følgjer dei nasjonale råda og kjem attende til kor lenge vi skal praktisere heimekontor og stengt rådhus. Kriseleiinga har faste møte måndag og torsdag kvar veke. I møta vert det ein gjennomgang av situasjonen, kartlegging av endringar i nasjonale tiltak og vurdering av lokal handling.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:
<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Det er viktig at de følgjer med på denne sida og held dykk oppdatert.

Ferieplanlegginga er i gang. Eg oppmodar om at de er fleksible for at vi kan ivareta beredsskapen i sommar. Sentralt har KS og hovudsamanslutningane av arbeidstakarorganisasjonane vorte samde om finne gode løysingar saman. Vi er heldige som har god dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalte her i Volda. Den 14. mai er det informasjons-/dialogmøte mellom partane der m.a koronasituasjonen er tema.

Sjølv om samfunnet opnar gradvis opp att, må vi vere budde på at dette vert eit annleis år. Kommunen har særleg ansvar for beredskap og halde opp viktige samfunnsfunksjonar i krisesituasjon. Vi må tole å stå i at framtida er litt usikker, og må vere budde på å setje inn forsterka tiltak dersom smitten skulle spreie seg som følge av meir kontakt mellom folk. Koronasituasjonen har fått store konsekvensar for næringslivet, og det tek tid å byggje opp aktiviteten til normalt nivå. Volda kommune er viktig også for det lokale næringslivet. Utdrag frå rekneskapen for 2019 viser at det er ca 80 millionar som kommunen brukar lokalt i form av kjøp av varer, tenester og tilskot til lag, organisasjonar mv. Politikarane har i ei sak om tiltak overfor næringslivet bedt om at administrasjonen utnyttar handlingsrommet i innkjøpsregelverket for om mogleg å handle enda meir lokalt. Det har også ein viss verknad dersom innbyggjarane handlar mest mogleg lokalt.

Utviklinga i kommunen sin økonomi vert svært utforsigbar i denne situasjonen. Det er svært usikkert kor mykje kommunen vil få kompensert av inntektstap og ekstra utgifter. Vi må ha nøktern haldning til kvar krone vi brukar. Dette er særleg viktig ettersom Volda kommune har ei drift som er høgare enn inntektene, og allereie er i gang med å redusere driftsnivået. Kreativiteten som vert utvist av de tilsette i denne krisesituasjonen vil verte eit viktig bidrag i denne dugnaden. Både tidlegare, og ikkje minst dei to siste månadene, har de vist at vi er ein endringsdyktig organisasjon som på kort tid kan omstille oss og takle nye oppgåver og gjere ting på nye måtar.

Møta i formannskapet og tenesteutvala vert no haldne fysisk med strenge smitteverntiltak. Den 14. mai vert det gjennomført digitalt kommunestyremøte.

Ut frå den samla situasjonen i Volda kan vi gå inn i ei helg med optimimisme, samtidig som kvar og ein av oss må ta ansvar for vår eiga og andre si helse.

Eg ynskjer deg ei god helg.

Beste helsing
Rune Sjurgard
Kommunedirektør